



På lag med
framtida.
Sykkylven Venstre



LIVET MELLOM HUSA

TRIVSEL og BULYST er dei aller viktigaste stikkorda for oss i Venstre, og det skal gjennomsyre alle sakene vi brenn for.

Tenk deg alle trivelege folk som bur i bygda vår. Kan vi treffast meir? Parkere litt lenger vekke, men møte folk langsmed vegen? Kan vi legge til rette for aktivitet, ein god prat, uformelle møteplassar? Ikkje berre for oss, men også for dei som vil besøke bygda vår?

Vi vil bu i ei bygd der vi

- ✓ tek omsyn til korleis miljøet rundt oss påverkar oss.
Vi vil opprette eit kommunalt **estetisk råd**, samansett av fagfolk med kompetanse som kan legge føringar og gi gode råd for korleis det offentlege rom kan sjå best mogleg ut.
- ✓ lagar eit triveleg og levande sentrum der folk vil opphalde seg.
Vi vil ha **gågate og grøne lommer** mellom husa – som blir stelt av ein dyktig kommunegartnar.
- ✓ kan nyte fjorden og fjella på ein aktiv, men tilgjengeleg måte.
Vi vil ha **gang/sykkelveg frå Småbåthamna til Haugneset** med ny bru på sjøsida.
- ✓ legg til rette for **uformelle møteplassar**. Vi vil at kaiområdet skal sikrast som friområde for heile bygda, og verte ein naturleg stoppestad for dei mange som no kører gjennom bygda vår. Ladestasjon for EL-bil, wifi, torgområde, grøne innslag og ein plass å raste? Berre fantasien set grenser! Dette området bør også knytast tettare saman med sentrum, og vi vil jobbe for å innlemme fylkesvegen som ei sentrums-gate med **nedsett fartsgrense**, beplanting og avkørsle.
- ✓ har fokus på **trafikksikring**. Vi må jobbe for ny rundkøyring både ved Småbåthamna og ved Sykkylvsbrua.

**Først formar vi
bygningane våre,
deretter formar dei oss.**

Winston Churchill



FOLK FØRST

Vi er veldig glade i gjestar, men aller helst vil vi at enda fleire skal velje Sykkylven som si heimkommune.

Her skal alle ha eit godt liv!

Venstre vil difor jobbe for

- ✓ å ferdigstille den nye **sentrumsskulen** i løpet av denne perioden. Legge stor vekt på at skulen og nærliggande område kan nyttast til ulike formål; særleg vil vi gjere elvedalen langs Aureelva tilgjengeleg for folk. Her er det mange moglegheiter, som t.d aktivitetsløyper, gangveg, grillplassar og akebakke.
- ✓ å sikre lovpålagd **symjeopplæring**. Skal vi klare det, krevst det ny hall i nær framtid. Sjølvsagt må hallen ligge i tilknytning til skuleområda i sentrum. Parallelt må tanken om eit folkebad jobbast vidare med.
- ✓ at dei gamle skulebygga skal få nytt liv. Mellom anna ligg alt til rette for at vi kan få ein **folkehøgskule** til bygda, med fokus på friluftsliv og skaparglede.
- ✓ å sjå bygda under eitt. **Samle fagmiljø** for å effektivisere og kvalitetssikre drift. Ha barnehagetilbod der folk bur, og tenke større einingar. Ha ein grundig gjennomgang av korleis vi tek vare på dei eldre i kommunen vår. Dei totale faglege og økonomiske ressursane i helse- og oppveksteiningane må sjåast på i samanheng - og nye tider krev nye løysingar.
- ✓ å **opne dørene** til offentlege bygg, slik at vi som bur her kan skape levande lokale også på kveldstid.
- ✓ tilrettelegging av sentrumsnære, **attraktive tomter**. Mange utdanna og ressurssterke unge busett seg på «feil» side av fjorden. Vi vil sjølv sagt ha dei her!
- ✓ at kommunen skal forplikte seg til å aktivt **lytte til dei unge** i bygda. Vi har trua på at fokus på uformelle møteplassar vil kome alle aldersgrupper til gode, også ungdommar. Bygda må opplevast som oppdatert og aktuell for å vere attraktiv!

Sykylven treng gode oppvekstvilkår for dei unge. Ein ny og moderne sentrums-skule er heilt nødvendig.

Leif Kjetil Lorentzen

Andrekandidat



**Utan frivillege stoppar bygda.
Vi må heie fram dei som har idéar
og stå-på-vilje!**

Kjartan Grebstad
Førstekandidat



KULTUR - DET SOM SAMLAR OSS

Samla sett veit vi at bygda vår har eit breitt tilbod av ulike fritidsaktivitetar. Dette er takka vere eldsjeler og godt arbeid i alle krinsar.

I komande periode vil vi arbeide for at

- ✓ fleire kommunale tenester og etatar skal **samlokaliseras**. Får vi samla t.d bibliotek, museum, folkebad og treningsenter, vil aktivitet skape aktivitet.
- ✓ kommunen skal heie på alt frivilleg arbeid og vere ein **støttespelar** i søknadsprosessar og anna tilrettelegging.
- ✓ Friluftsliv er ein vesentleg del av kulturen vår. **Turløyper** bør merkast, og vi vil tilrettelegge for parkering ved populære utfartsstadar.

GRÜNDERAKTIVITET OG SKAPARGLEDE

Den nye kommunale næringsplanen må ligge til grunn for satsingar, og sikre at Sykkylven skal vere ein attraktiv stad å bu og etablere seg i. I komande periode må vi gjennomføre ein tilflyttarkampanje, og ein meir aktiv rekruttering av attraktive sambygdingar.

Vi skal vere ein **ja-kommune** med raud løpar-filosofi. Dei som vil starte/utvide verksemd, dei som vil etablere seg med hus og heim, dei som har gode idéar... Dei skal vi heie på! Bere dei på gullstol til rette personar og instansar i kommunen. Søknader og innspel må handsamast tverrfagleg, for å sikre rask og smidig saksgang. **Vi skal seie ja først!**

Venstre sine kandidatar i Sykkylven



1. Kjartan Grebstad

lærar/assistent

Ei av mine hjartesaker er å sikre god symjeopplæring. Vi må prioritere nye symjeanlegg.



2. Leif Kjetil Lorentzen

maskinist

Eg brenn for å sikre gode fasilitetar der born kan drive med sunn aktivitet. Vi treng mellom anna ny idrettshall.

3. Anne Marie Andreassen

4. Emte Aure

5. Merete Aure

6. Ove Egil Bjerkan

7. Kim André Tronstad Fure

8. Herman Erga Furland

9. Asbjørn Hovland

10. Pål Morten Langeland

11. Hildur Lillevik

12. Anne-Kari Aamodt



Pål Farstad

Fylkesordførarkandidat

Vil jobbe for eit berekraftig og heilårsgjørt reiseliv.

Gi fleire rett til gratis tannhelse. Vil slå ring om og sikre EØS-avtalen for eksportnæringane, så vel som å jobbe for å auke fokuset på entreprenørskap.

Historia vår fortel noko om kven vi er, og vår historie seier at vi er driftige og har pågangsmot. Vi vil at Sykkylven skal vere ein ja-kommune. Og kommunen - det er oss! Eg og du har ansvar og glede av å gjere Sykkylven til ei bygd det er enkelt å framsnakke. Her skal vi vere positive, heie på kvarandre og ha tillit til at kommunen som institusjon jobbar for at kvar og ein av oss skal ha eit godt liv frå fødsel til alderdom.

Vil du vere med på laget? Bruk stemmeretten din og gi oss i Sykkylven Venstre tillit ved valet.

